

Gebyr for arbeid etter Matrikkellova (lova § 32, forskriftene § 16) vert fastsett slik:

1. Oppretting av matrikkeleining

1.1 Oppretting av grunneigedom og festegrund

areal frå 0 - 500 m²
areal frå 501 - 2000
areal frå 2001 m² - auke pr. påbegynt dekar

Gebyrauke:	7,86 %	3,09 %
2014-2015	2016-2017	2018-2019
kr 10 000	kr 10 790	kr 11 120
kr 15 000	kr 16 180	kr 16 680
kr 1 500	kr 1 620	kr 1 670

Dersom forretninga ikkje krev måling i terrenget, td. ved punktffeste,
vert det fakturert etter medgått tid. Minstegebyr

kr 4 000	kr 4 320	kr 4 450
----------	----------	----------

1.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn

areal frå 0 - 500 m²
areal frå 501 - 2000
areal frå 2001 m² - auke pr. påbegynt dekar

2014-2015	2016-2017	2018-2019
kr 10 000	kr 10 790	kr 11 102
kr 15 000	kr 16 180	kr 16 680
kr 1 500	kr 1 620	kr 1 670

Dersom forretninga ikkje krev måling i terrenget,
vert det fakturert etter medgått tid. Minstegebyr

kr 4 000	kr 4 320	kr 4 450
----------	----------	----------

1.3 Oppmåling av uteareal på eigarseksjon

Gebyr for oppmåling av uteareal pr. eigarseksjon:

areal frå 0 - 50 m²
areal frå 51 - 250 m²
areal frå 251 - 2000 m²
areal frå 2001 m² - auke pr. påbegynt dekar

2014-2015	2016-2017	2018-2019
kr 5 000	kr 5 400	kr 5 570
kr 7 500	kr 8 090	kr 8 340
kr 10 000	kr 10 790	kr 11 120
kr 1 500	kr 1 620	kr 1 670

1.4 Oppretting av anleggseigedom

volum frå 0 - 2000 m³
volum frå 2000 m³ - auke pr. påbegynt 1000 m³

2014-2015	2016-2017	2018-2019
kr 15 000	kr 16 180	kr 16 680
kr 1 500	kr 1 620	kr 1 670

1.5 Registrering av jordsameige

Gebyr for registrering av eksisterande jordsameige,
vert fakturert etter medgått tid. Minstegebyr

2014-2015	2016-2017	2018-2019
kr 4 000	kr 4 320	kr 4 450

2. Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning

2.1 Avbrudd i oppmålingsforretning eller matrikulering

Gebyr for utført arbeid når saken vert trekt før den er fullført, må avvisast, ikkje let seg matrikkelføre på grunn av endra heimelstilhøve eller av andre grunnar ikkje kan fullførast, vert sett til 1/3 av gebyrsatsane i 1.1.

3. Grensejustering

3.1 Grunneigedom, festegrunn og jordsameige

Ved gebyr for grensejustering kan arealet for involverte eigedomar justerast med inntil 5 % av eigedomen sitt areal. (Maksimalgrensa er sett til 500 m².) Ein eigedom kan likevel ikkje avgje areal som i sum overstig 20 % av eigedomen sitt areal før justering.

areal frå 0 - 250 m²
areal frå 251 - 500 m²

2014-2015	2016-2017	2018-2019
kr 5 000	kr 5 400	kr 5 570
kr 7 500	kr 8 090	kr 8 340

3.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan volumet justerast med inntil 5 % av anleggseigedomen sitt volum, men den maksimale grensa vert sett til 1000 m³.

volum frå 0 - 250 m³
volum frå 251 - 1000 m³

2014-2015	2016-2017	2018-2019
kr 5 000	kr 5 400	kr 5 570
kr 7 500	kr 8 090	kr 8 340

4. Arealoverføring

4.1 Grunneigedom, festegrunn og jordsameige

Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing gjennomførast. Arealoverføring utløyser dokumentavgift. Dette gjeld ikkje arealoverføring til vegformål.

areal frå 0 - 250 m²
areal frå 251 - 500 m²
areal frå 501 m² - auke pr. påbegynt 500 m²

2014-2015	2016-2017	2018-2019
kr 10 000	kr 10 790	kr 11 120
kr 15 000	kr 16 180	kr 16 680
kr 1 500	kr 1 620	kr 1 670

4.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan volum som skal overførast frå ein matrikkeleining til ein annan, ikkje vere registrert på ein tredje matrikkeleining. Volum kan berre overførast til ein matrikkeleining dersom vilkåra for samanføyning er til stades. Matrikkeleininga skal utgjere eit samanhengande volum.

volum frå 0 - 250 m³
volum frå 251 - 500 m³
volum frå 500 m³ - auke pr. påbegynt 500 m³

2014-2015	2016-2017	2018-2019
kr 10 000	kr 10 790	kr 11 120
kr 15 000	kr 16 180	kr 16 680
kr 1 500	kr 1 620	kr 1 670

5. Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning

For inntil 2 punkt
For overskytande grensepunkt, pr. punkt

2014-2015	2016-2017	2018-2019
kr 4 000	kr 4 320	kr 4 450
kr 1 500	kr 1 620	kr 1 670

6. Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatbestemt / eller klarlegging av rettigheter

For inntil 2 punkt
For overskytande grensepunkt, pr. punkt

2014-2015	2016-2017	2018-2019
kr 6 000	kr 6 480	kr 6 680
kr 1 500	kr 1 620	kr 1 670

Gebyr for klarlegging av rettigheter fakturerast etter medgått tid.

7. Privat grenseavtale

Gebyr vert fastsett etter medgått tid. Minstegebyr

2014-2015	2016-2017	2018-2019
kr 4 000	kr 4 320	kr 4 450

Dersom forretninga krev måling i terrenget, vert det fakturert etter pkt. 1 - 6.

8. Anna kart- og oppmålingsarbeid

Ved bestilling av kartprodukt, oppmålingsarbeid eller hjelp til dokumentutfylling som ikkje er lovpålagde oppgåver, vert det fakturert etter medgått tid.
Minstepris vert sett tilsvarande ein times arbeid.

9. Gebyr etter medgått tid

Timepris

2014-2015	2016-2017	2018-2019
kr 650	kr 650	kr 750

10. Urimeleg gebyr

Dersom gebyret etter dette gebyrregulativet synest å verte urimeleg høgt, kan Utval for utvikling i spesielle høve etter søknad redusere gebyret.

For forretningar over større samanhengane parsellar/eigedomar til landbruks-, ålmenne fritidsformål eller andre ålmennyttige formål, skal det betalast etter medgått tid, avgrensa til maksimum halvt gebyr.

Samla gebyr ved oppmåling av minst 3 tomter frå same grunneigedom, og i same område, vert automatisk redusert med 15% i høve aktuelt ordinært gebyr.

11. Betalingstidspunkt

Hornindal kommunekasse sender ut faktura etter rekningsoppgåve frå Utviklingsetaten. Rekvirenten er ansvarleg for at gebyret vert betalt.

Betaling skjer etter det regulativ og dei satsar som gjeld på rekvisisjonstidspunktet.

Gebyret kan krevjast inn før dokumenta vert sendt til tinglysing, eller før anna arbeid er sett i gong.

Gebysatsane inkluderar innleige av oppmålar med gps-utstyr, evt. hjelpemannskap, bilgodtgjersle, førebuingarbeid, administrasjonsutgifter, materiell, arbeid med merking av grenser, kontroll mot grunnboka og matrikkelføring.

Tinglygingsgebyr og eventuell dokumentavgift kjem i tillegg.

Meirverdiavgift vert ikkje berekna ved innkrevjing av gebyra.

Gebysatsane skal indeksregulerast med indeks for kart- og oppmålingsarbeid annakvart år. Revidering av gebyrregulativet skjer ved behov.

12. Forandringar i grunnlaget for matrikkelføring av saken

Om rekvirenten under sakens gang gjer forandringar i grunnlaget for matrikkelføring av saken, opprettheld ein likevel gebyret.

13. Utsteding av matrikkelbrev

Matrikkelbrev inntil 10 sider	kr 175
Matrikkelbrev over 10 sider	kr 350

Endring i maksimalsatsane regulerast av Statens kartverk i takt med den årlege kostnadsutviklinga.

14. Oppmåling i vinterhalvåret

Kravet om 16 veker sakshansamingstid etter Matrikkellova gjeld ikkje i vinterhalvåret, frå og med oktober til og med april. Arbeidet skal likevel verte utført så snart det let seg gjere.